



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Frode Hervik	
Arkivsaknr.:	14/1547	Klassering: FE - 149

### Kulturminneplan - Melding om oppstart og framlegg til planprogram

**Vedlegg:**

Kulturminneplan planprogram

**Rådmannen sitt framlegg til tilråding:**

Austrheim kommune startar opp arbeidet med ein kulturminneplan. Planen skal ha status som temaplan. Formannskapet er styringsgruppe for planen.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring slik det ligg føre.

**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

I følgje den vedtekne planstrategien til Austrheim kommune skal det utarbeidast ein kulturminneplan, som skal ha status som temaplan. For å sikre ein god prosess med fokus på medverknad og for å sikre at kulturminne vert tekne omsyn til i arealdelen av kommuneplanen, kommunedelplanar, områdeplanar, private reguleringsplanar og i byggesakshandsaminga, legg ein likevel opp til i all hovudsak å følgje prosesskrava i Plan- og bygningslova for kommunedelplanar.

Både Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune oppmodar kommunane til å utarbeide kulturminneplanar, og har også lyst ut tilskot til utarbeiding av planar og registrering av kulturminne. Hordaland fylkeskommune har vedtatt ei målsetjing om at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016* som skal følgja opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Kommunane som vert med i dette prosjektet får såleis støtte til utarbeiding av planen og tett oppfølging. Austrheim kommune har fått 100.000,- tilskot frå fylkeskommunen til føremålet. Det er mogleg å søkje om ytterlegare tilskot.

## **Vurdering**

For vurderingar om kulturminneplanarbeidet, sjå planprogrammet. Når det gjeld folkehelse, vert ein kulturminneplan utelukkande vurdert positivt. Nokre kulturminne kan sjåast i samanheng med turstiar, og byggje opp om turstisatsinga. Ein kulturminneplan har ingen negative verknader for miljøet. Når det gjeld økonomi, er det gode tilskotsordningar på grunn av at dette for tida er ei nasjonal satsing. Dette inneberer også ei god oppfølging frå Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren, mellom anna når det gjeld kurs og fagleg oppfølging. Tida er derfor svært gunstig med tanke på å setje i gong dette arbeidet. Tilskotet vil dekke dei direkte kostnadane med planarbeidet, medan den kommunale eigeninnsatsen er dei personressursane som vert nytta i arbeidet.

## **Konklusjon**

Oppstart av planarbeid vert godkjend, i tråd med gjeldande planstrategi.

Framlegg til planprogram vert lagt ut på høyring.